


# Årsrapport 2017



Norsk Vasskraft- og Industriadmuseu

[www.nvim.no](http://www.nvim.no)



*Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum (NVIM) er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikumstilbod både i Tyssedal og Odda.*

*Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk NVIM i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har NVIM konkrete oppgåver på nasjonalt plan.*

Følgjande verksemdar, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum:

Odda Kommune, Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: Tizir Titanium & Iron AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvefossen ASA (no: Elkem Bjølvefossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Energi Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Industri Energi), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS, Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad.

*Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:*

***Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.***

***Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.***

***Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskrafthistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tyssø I).***

## INNHALD

1. Organisasjonen	s. 3
2. Økonomi	s. 4
3. Fornyning	s. 5
4. Forvaltning	s. 6
5. Formidling	s. 8
6. Forsking	s. 10
7. Oppsummering	s. 13
8. Revisjonsmelding	s. 14
9. Resultatrekneskap og balanse	s. 16
10. Notar	s. 19

# 1. Organisasjonen

<b>Direktør</b>	Knut Markhus
<b>Administrasjonsleiar</b>	Mette Haraldsen
<b>Avdelingsleiarar</b>	Siri Jordal Svein Jåstad Anne Gravdal
<b>Styret</b>	Rolf Nesheim, styreleiar (Hordaland fylkeskommune) Toralf Mikkelsen, nestleiar (Odda kommune) Torill Selsvold Nyborg (styreoppnemnt) Tore M. Sellæg (Norsk Industri) Hans Henrik Haukaas (Statkraft) Margit Aga Jordal (LO i indre Hardanger) Bjørn Seim (Museumslaget) Svein Jåstad (tilsette sin representant) Observatør Brigt Olav Samdal (NVE)
<b>Revisor</b>	Odda Revisjon AS/ v statsaut. revisor Nils Magnus Berge

Styret hadde 4 ordinære styremøte i 2017 og handsama i alt 27 saker.

Ved NVIM vart det i 2017 utført 15,8 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,5 årsverk. I 16 faste stillingar vart det utført 14,7 årsverk ved NVIM. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 1,1 årsverk, gjennomført av i alt 9 personar.

NVIM arbeider for likestilling mellom kjønna - organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette er 9 menn og 7 kvinner. Direktør er mann og to av tre avdelingsleiarar er kvinner. Kvinneandelen i styret er 25 %.

NVIM hadde i 2017 eit sjukefråvær på 4,5% mot 2,77% i 2016 . Langtidssjukefråværet var på 2,8% mot 1,71% i 2016. Korttidssjukefråværet gjekk frå 1,06 % i 2016 til 1,7 % i 2017. Vi hadde ingen arbeidsulukker. NVIM er ei IA verksemd.

NVIM er medlem av Bedriftshelse 1. Deira rapport etter helse- og arbeidsmiljøundersøking i 2017 melder om svært gode resultat på alle område som vart undersøkt. Verksemda forureinar ikkje det ytre miljøet.

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Odda kommune, Riksantikvaren, Hordaland Fylkeskommune, Statkraft, AS Tyssefaldene, og ulike museum. Reisemål Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar vi tett saman med Trolltunga Active og Odda turistkontor. Museet samarbeider med lokale verksemdar og næringsliv, og prøver i størst mogleg grad å kjøpa varer og tenester lokalt. Museumslaget for NVIM er også ein viktig samarbeidspartnar for museet.

## 2. Økonomi

NVIM sine driftsinntekter: Offentlege tilskot frå stat (Kulturdepartementet, Riksantikvaren og NVE), Hordaland fylkeskommune og Odda kommune, sponsorinntekter og eigeninntekter.

Årsrekneskapen for 2017 viser eit resultat på kr. 2 241 456. Etter overføringar til bunden eigenkapital vert kr. 829 791,11 overført til annan eigenkapital. Stiftinga har pr. 31.12.2017 fri eigenkapital på kr. 2 357 248. Museet har opptent eigenkapital på kr. 4 780 073 (sjå note 11). Styret viser til note 15 i årsrekneskapen: Dersom netto pensjonsplikter vert balanseført, vil museet ha positiv opptent eigenkapital på kr. 480 000.

Det betydelege overskotet skuldast to forhold: Styret sitt krav om styrka eigenkapital og ein uavklart situasjon knytt til ei stilling, der tilsetting måtte utsetjast til våren 2018. Det er òg sett av kr. 650 000 på disposisjonsfond til investeringar som vil styrkja produktet, betra arbeidsmiljøet og på sikt føra til auke i eigeninntektene.

Av omsetting på kr. 15 882 188, var offentlig tilskot kr. 12 942 645 og eigeninntekt kr. 2 939 543.

I statsbudsjettet for 2017 fekk NVIM ein svært gledeleg auke på kr. 3 mill., der kr. 500 000 var øyremerkt Senter for Industriarkiv (Sindark). 2017 vart likevel eit krevjande år på grunn av vendinga Riksantikvaren gjorde i høve av sektorprinsippet. Museet sin søknad om midlar til vedlikehald i Tyssedal kraftverk vart avslått. Riksantikvaren gav eit overgangstilskot på kr. 690 000 gjeldande fram til 1.7.2017. Det gav eit alvorleg tap av midlar til bygg- og anleggsavdelinga vår. Det økonomiske løftet vi fekk frå Kulturdepartementet har andre formål, og kan ikkje nyttast her. Vi klarte å oppretthalda sysselsetjinga på avdelinga ved hjelp av prosjektmidlar. Dette vert ei vanskeleg driftsform på sikt. Drift og vedlikehald av kraftstasjonen, som er bunden i leigeavtalen med eigar AS Tyssefaldene, vil etter kvart bli ein vesentleg byrde for museet.

Etter intenst arbeid frå NVIM si side, vedtok Stortinget i desember ei formulering som ber Klima- og miljødepartementet å sikra vedlikehaldet til Tyssedal kraftverk. Dermed forventar vi at økonomien kjem på plass igjen i 2018. Vi må seia oss nøgde med korleis vi med nøktern hand har greidd å manøvrera i situasjonen.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum pr. 31.12.2017.

### 3. Fornyng

Dei tilsette har fått auka kompetansen gjennom deltaking på ei rekkje kurs og seminar, både i Noreg og utlandet. Tilsette ved NVIM har også bidrege som innleiarar, noko som byggjer den faglege tyngda vår og gjer museet sin ekspertise ettertrakta. I tillegg vedtok vi å styrka kompetansen innan formidling med å lysa ut stilling med krav om høgare utdanning. Tilsetting skjer vinteren 2018. Samarbeidet i NVE si museumsordning er kompetansebyggande, og styrkar museet sitt faglege nettverk. Vi har heva kvaliteten i det vi leverer, og sett ein høgare fagleg standard generelt.

NVIM framstår som ein stadig meir attraktiv kompetansearbeidsplass. Aktivisering av Lilletopp som bemanna arena, var ei kraftig styrking av museet sin attraksjonsverdi.

Forhandlingane med AS Tyssedaldene om Tyssedal kraftverk går i retning av at NVIM primært ynskjer ein ny bruks- og vedlikehaldsavtale, som gjer oss i stand til å utvikla kulturminnet som museumsarena. Planane inneber å samla formidlingstilboda i Tyssedal i kraftstasjonen, mens det er aktuelt å flytta administrasjon til Odda sentrum saman med utviding av publikumstilboda våre der. Dette er ei offensiv utvikling.

Sindark fekk fleire gode oppdrag i 2017, og nærmar seg eit driftsnivå der det kan bli behov for å tilsetja meir personell.

NVIM har teke nye steg som nasjonal aktør. Museet har utført mange oppgåver landet rundt i 2017, særleg gjennom NVE si museumsordning. Vi har teke aktivt del i stort prosjekt om Alta-utbygginga, saman med Norsk skogmuseum og NVE. Vi gjekk inn i felles forskingsprosjekt rundt kraftverksarkitektur. I tillegg gjorde vi dokumentasjonsarbeid over heile landet, og bidrog med kompetanse i faglege møte og seminar. Vi utførte òg eigne dokumentasjonsprosjekt i Odda, Kvinnherad og Kvam, og var kulturminnefagleg rådgjevar i desse prosjekta, og andre teknisk-industrielle kulturminne. Museet overgjekk eigne ambisjonar på dette området, og hadde gode inntekter.

*Dokumentasjonsprosjektet om Valen kraftverk er døme på arbeid som er både inspirerande, kompetansebyggande og fornyande, og gjev inntekter til museet.*





Vi har spela ei sentral rolle i Industrianleggenes fellesråd, og delteke på deira samlingar. NVIM var største bidragsytaren i Riksantikvaren si nye trykksak om anlegga i Bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne. Vi har vore aktive i Nasjonalt nettverk for teknologi og industrihistorie, og overtok leiarrolla i Samlingsrådet i Hordaland.

NVIM har brukt mykje ressursar på å løysa problemet ved at Riksantikvaren av slo vår søknad til vedlikehald av Tyssedal kraftverk, med henvising til sektorprinsippet. Verken Statkraft eller eigar AS Tyssefaldene kom inn med midlar, slik RA og departementet (KLD) la opp til. Stortinget bad i desember om at Klima- og miljødepartementet gjennom dialog med Riksantikvaren, AS Tyssefaldene og NVIM sikrar ei løysing som gjer at museet sin kompetanse på vedlikehald av Tyssedal kraftverk vert ivaretatt. Vi ventar på konklusjon.

Når det gjeld Ålvik industriarbeidarmuseum, har eigar Kvam herad ikkje følgd opp vårt initiativ til å innlemma dette museet i NVIM, jf. Hordaland sin regionale museumsplan.

## 4. Forvaltning

NVIM forvaltar mange viktige materielle kulturminne, i Tyssedal kraftanlegg, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefongata. som det mest framstående. Totalt eig vi eller har ansvar for 25 bygg, 1 freda fartøy, 11500 registrerte gjenstandar, 400 intervju, vel 130 kulturhistoriske filmar, kring 125.000 fotografi og ei biblioteksamling med kring 4300 objekt. I tillegg har museet ei verdfull samling av 270 privatarkiv. NVIM har registrert 20 arkiv i ASTA i løpet av 2017.

Vi har jobba godt med museet sitt planverk, med oppdatering av sikringsplan og omfattande revidering av forskingsplan, samtidig som vi sette i gang arbeid med marknadsplan. Implementering og oppdatering av museet sitt FDV-program går stødig framover, og er ei kontinuerlege oppgåve. Det er eit effektiviserande hjelpemiddel, og gjer sikringsarbeidet meir solid.

Forvaltning, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftanlegg fekk i 2017 ein reduksjon etter at Riksantikvaren trekte seg frå finansieringa, jf. s. 4. Museet strekte seg langt ved å utføra presserande vedlikehaldsarbeid og halda varme i kraftstasjonen, finansiert gjennom eiga drift. Vi har utført mykje godt arbeid på Bygg 026 (smia/gjenstandslager) på Smelteverkstomta, og gjort ein del mindre tiltak på andre bygg.

Arbeid med privatarkiv har vore prioritert og hatt betydeleg framgang, særleg i Sindark. Vi innleia eit samarbeid med Boliden Odda om å ta i mot det historiske arkivet til bedrifta. Aktiviteten med privatarkiv er krevjande sidan privatarkiv ikkje har same lovvern som offentlege arkiv, og museet har på nasjonalt nivå engasjert seg for å betra vilkåra for privatarkiv.

Museet arbeider kontinuerleg med å gjera samlingane tilgjengelege for publikum, m.a. med digitalisering. Digitalisert materiale vert tilgjengeleggjort på plattformer som digitaltmuseum.no, på nettsida vår og på Facebook. Fotoarbeidet ved museet har vore betydeleg, både med omsyn til innsamling, sikring og ny fotografering/filming.



*Skuleelevar på besøk i smia i Bygg 026 på smelteverkstomta. Foto: Harald Hognerud/NVIM*

Vi erfarer at det er utfordrande å skaffa midlar til etablering av nytt gjenstandslager og gjenstandsmagasin, men arbeider for at dette skal koma på plass.

Samarbeidet vårt i NVE si museumsordning grip inn i fleire deler av museumsarbeidet. Aktivitetar i 2017:

- FoU-prosjektet *Dokumentasjon av sektorens kulturminner*
- Pilotprosjekt Tinfos II i lag med NVE og Telemark fylkeskommune. I pilotprosjektet utførte vi droneflyging, fotogrammetri, 360-gradersfotografering og testing av fotografering etter romskjema.
- Deltok på seminaret «2 and 3D photography» i Amsterdam.
- Vi hadde føredragshaldar på workshop i regi av NVE og dokumentasjonsprosjektet i Oslo i oktober.
- Vi har kome med innspel til standard/retningslinjer for dokumentasjon.
- Vi har fullført arbeidet med Haugsjø dam. Alle foto er publisert på [digitalmuseum.no](http://digitalmuseum.no).

Når det gjeld immateriell kulturarv, har Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfag god drift i smia vår i Bygg 026. Målet er å ta vare på smedfaget, finna læreplassar og føra handverket vidare. Skulen samarbeider med Odda smedforening som bidreg til å skapa eit godt fagleg miljø, ikkje minst gjennom sine egne aktivitetar. I tillegg bidreg museet til den immaterielle kulturarven ved å halda i hevd tradisjonelt handverk i vedlikehald og restaurering av anlegga våre.



## 5. Formidling


God vekst i besøkstalet indikerer at formidlingsarbeidet har vore vellukka. Ein nøkkel er at ein stor del av organisasjonen engasjerer seg i formidlingsarbeidet, i tillegg til godt arbeid frå dei som har formidling som hovudoppgåve. På hausten gjorde vi eit grep ved å løysa opp formidlingsavdelinga, og organisera formidlingsarbeidet i ei marknads- og formidlingsgruppe som har deltakarar frå alle avdelingar.

Besøktal

	2015		2016		2017	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	996	5 585	1 704	8 568	2186	12606
Vitensenteret	4 737	2 507	4 902	3 257	3238	2637
Andre	587	3 095	375	2 510	270	1308
<b>SUM</b>	<b>6 320</b>	<b>11 187</b>	<b>6 981</b>	<b>14 335</b>	5694	16551
<b>Totalt</b>	<b>17 507</b>		<b>21 316</b>		<b>22 245</b>	

Største satsing var nye tilbod i anlegget på Lilletopp, med kafé og omvisingar/bildespel dagleg i sommarsesongen. Anlegget har 40 minutt gange frå bilvegen i Tyssedal. Alternativ tur er Tyssedal Via Ferrata, klatretilbodet i samarbeid med Trolltunga Active. Lilletopp hadde godt besøk og stor mediedekning.

Odda Vitensenter hadde mindre aktivitet enn året før, då senteret var utan leiar i 2017. Ny tilsetning skjer i 2018, i form av formidlingsleiarstilling som får vitensenteret som ei hovudoppgåve. Trass manglande bemanning hadde vi likevel brukbart besøktal i senteret, særleg i sommarsesongen og i samband med Litteratursymposiet i Odda.



Lilletopp vart ein vinnar i 2017, noko den velfylte gjesteboka vitnar om.

Dokumentaren *Industripionerane* fekk premiere i oktober. Ca. 300 møtte på arrangementet, som var ein del av Litteratursymposiet i Odda. Filmen inngår no i det faste tilbodet til museet. Vi hadde fleire fellesarrangement med Litteratursymposiet, Jernrosa litteraturfestival og Hardanger musikkfest. Det er vellukka strategi å samarbeida med festivalar og lokale kultur- og reiselivsaktørar, og særleg gjennom dette gjer vi framsteg som fleirkulturell møteplass.

Vi har også hatt ei rekkje eigne arrangement, mellom anna quiz-kveld, sesongopning med føredrag, folkemøte om Valen kraftverk og Lucia-feiring i kraftstasjonen. M/Y Tyssø-jubileet hadde også fleire arrangement, både på sjøen og land.


NVIM fekk fleire nye utstillingar i 2017: I administrasjonsbygget den semipermanente utstillinga *Vegen til Trolltunga* som handlar om Hardanger si reiselivshistorie. Pop-up-utstilling om Odda fotballklubb i klubbhuset ved Oddahallen. Vandreutstilling om norsk og tsjekkisk kulturarv frå Riksantikvaren/det tsjekkiske direktoratet for kulturarv, i Odda bibliotek. Vi avduka informasjonstavler museet har laga om kulturminnepå Smelteverkstomta. Tavle med informasjon om fotografen Knud Knudsen vart sett opp i gågata i Odda.

Cold Case-prosjektet om dr. Albert Petersson si forsvinning var ein fargeklatt i museumsarbeidet, med stor innsats frå frivillige pensjonistar.



– Var det eit uheld? Var det sølvmedf? Eller drap?

Industripionerane fekk premiere i oktober. Ca. 300 møtte på arrangementet, som var ein del av Litteratursymposiet i Odda. Filmen inngår no i det faste tilbodet til museet. Vi hadde fleire fellesarrangement med Litteratursymposiet, Jernrosa litteraturfestival og Hardanger musikkfest. Det er vellukka strategi å samarbeida med festivalar og lokale kultur- og reiselivsaktørar, og særleg gjennom dette gjer vi framsteg som fleirkulturell møteplass.



Museet utviklar jamt kraftstasjonen Tyssø 1 som publikumsarena. Arbeidet med universelt utforma publikumstolett hadde god framgang i 2017 og vert ferdig våren 2018. Vi hadde betydeleg vekst i utleige av både kraftstasjonen og Statkraftstova.

NVIM brukar internett som formidlingsarena. I 2017 hadde nvim.no 17 804 brukarar, opp 43,81% frå 2016 - og 23 669 økter, opp 41,94% frå 2016. Statistikken for vasskrafta.no viser ein framgang på rundt 30% på økter og brukarar av nettsida. Vi har hatt stor aktivitet på Facebook, på heimesida vår og vasskrafta.no. Mellom anna har vi presentert store mengder materiale frå dokumentasjonsprosjekt.

Vi har hatt god mediedekning, med mange oppslag i Hardanger folkeblad. I 2017 starta vi å levera historisk materiale (foto og tekst) til avisa si Tilbakeblikk-spalte. Vi har òg hatt omtale i andre lokal-aviser, som avisa Hordaland, Hordaland folkeblad, Kvinnheringen og Grenda. Bergens Tidende hadde ei svært god sak over seks sider om museet sitt Cold Case-prosjekt, der saka også var hovudoppslag på framsida. Av fagtidsskrift har Museumsnytt hatt fleire saker om NVIM, og museet har god kontakt med redaksjonen der. Frå 2017 har vi regelmessig levert historiske artiklar til Anleggsmagasinet sin Retro-serie. Radio Folgefonn har hatt fleire innslag om oss, og også NRK radio. Vi hadde to gode TV-saker: M/Y Tysso sitt 100-årsjubileum fekk eit fint innslag, som gjekk både i Dagsrevyen og Vestlandsrevyen. Det store TV-høgdepunktet i 2017 var då Gutta på tur på TV2 starta den nye sesongen sin på museet, og om bord i M/Y Tysso. Første programmet hadde sjåartal på 600 000. Dette har gått i reprise fleire gonger, slik at vi kan rekna at det totale sjåartalet kan liggja rundt 1 million.

NVIM konkluderte i 2017 at vi har eit namn som er så langt og komplisert at vi må vurdere ei namneendring. Ein intern prosess på dette vart sett i gang, før vi koplar inn ekstern kompetanse i neste omgang.



*Kombinasjonen Gutta på tur, M/Y Tysso og anlegga våre i Tyssedal gav godt TV og god marknadsføring av museet. Foto: Harald Hognerud/NVIM*

## 6. Forsking

Museet oppnådde gode resultat innan kunnskapsproduksjon i 2017, og ikkje minst sette vi i gang nye, ambisiøse forskingsprosjekt. NVIM sin forskingsplan fekk ei omfattande revidering. Hovudmålet seier at NVIM skal driva nyskapande forskning innan museet sine hovudtema, i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Dette skal vi oppnå ved å:

1. Styrkja økonomien til forskning ved museet.
2. Leggja til rette for at tilsette kan bruka arbeidstid på forskning.
3. Rekruttera tilsette med forskingskompetanse.
4. Gjennomføra samarbeidsprosjekt innan forskning ved samarbeid som med NVE si museumsordning, nasjonale museumsnettverk, universitet og høgskular.
5. Leggja til rette historisk materiale for forskning.
6. Intensivera publisering og bruk av forskingsresultat.



Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

## Forskningsplan



«NVIM skal driva nyskapande forskning innan museet sine hovudtema, i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv.»

Tyssedal 2018

*Forskningsplanen til museet skal vera ein nyttig reiskap for å ta oss nye steg vidare på dette området.*

Utan tilsette med formell forskingskompetanse utfører vi forskning hovudsakleg ved hjelp av innleigd kompetanse og i samarbeid med andre fagmiljø. I 2017 gjekk vi inn i tre forskingsprosjekt:

- Den tidlege industrireisinga i Odda, i samarbeid med Uni Research Rokkansenteret.
- Kraftverksarkitektur, funksjon og teknologi. Eit samarbeidsprosjekt koordinert gjennom NVE si museumsordning, der samarbeidspartar er NVIM, NVE, Hordaland fylkeskommune og Telemark fylkeskommune.
- Den nordiske velferdsmodellen, eit nettverksprosjekt i Nasjonalt nettverk for teknologi- og industrihistorie.

I tillegg har NVIM levert ei rekkje artiklar i ulike publikasjonar. I 2017 hadde vi på trykk desse populærvitskaplege artiklane:

Han sprang til skjeringa før han stupte død. Forfattar Knut Markhus/NVIM. Artikkel i Anleggsmagasinet, 2017.

Odda smelteverk. Tvillingfabrikkar i verdsklasse. Forfattar Mette Haraldsen m.fl./NVIM. I publikasjonen *Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminner*, 2017.

Tyssedal kraftverk. Katedralen i rallaren rike. Forfattar Mette Haraldsen m.fl./NVIM. I publikasjonen *Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for tekniske og industrielle kulturminner*, 2017.

Den glitrande hundreåringen M/Y Tyssø. Forfattar Knut Markhus/NVIM. Artikkel i *Årboka Hardanger, Hardanger historielag*, 2017.



Maria Låte (1886 - 1979) - Engasjert lærar og dotter av norskdomstida. Ei kvinnestemme i industristaden Odda si pionértid. Forfattar Brita Jordal/NVIM. Artikkel i *Årboka Hardanger*, Hardanger Historielag 2017.

M/Y Tysso. Hundre år som flytande limousin. Forfattar Knut Markhus/NVIM. Hefte, NVIM, 2017.

I tillegg utførte vi kontinuerleg kunnskapsproduksjon til våre eigne formidlingsopplegg og heimesider/Facebook, og dokumentasjonsavdelinga hadde ei mengd rekvisisjonar frå publikum frå mellom anna arkiv og fotosamling.

Dokumentasjonsprosjekta våre er viktige bidrag til forskning og kunnskapsproduksjon. I 2017 slutførte vi det store prosjektet om Valen kraftverk, og fekk svært gode tilbakemeldingar frå oppdragsgjevar Hordaland fylkeskommune. (<http://www.vasskrafta.no/kraftverk/valen/>) I tillegg gjennomførte vi dokumentasjonsprosjekt om Nes bygdesag for privat eigar, og Tysso II for Statkraft. Vi sette i gang dokumentasjonsprosjekt om Mauranger kraftverk for Statkraft. Av mindre prosjekt kan vi nemna dokumentasjon og tilstandsvurdering av Dicylageret på Smelteverkstomta og kartlegging og levering av aktuelt kjeldematerialet til Flaumprosjekt Opo, begge for Odda kommune.

Sindark arbeider med å leggja samlingar til rette for forskning og kunnskapsproduksjon. Boliden Odda AS sitt historiske arkiv skal deponerast i Sindark. Dette samarbeidet legg eit viktig grunnlag for Sindark si framtid.



Bildespelet  
**Industripionerane**  
Av Randi Storaas

Premiere i Odda kino, onsdag 11. okt. kl. 17

Med i premiereprogrammet: Bildespelskapar Randi Storaas, skodespelar Hadle Reisæter, adm. dir. Boliden Odda AS Helene Seim, dir. Norsk Vasskraft- og industristadmuseum Knut Markhus

Gratis inngang

NVIM  
NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM

*Bildespelet Industripionerane byggjer på forskning og stort kjeldarbeid, og var eit godt kunnskapsbidrag frå NVIM i 2017.*



## 7. Oppsummering

2017 har vore eit framgangsrikt år for NVIM, med gode resultat på alle arbeidsområde. Vi kan notera oss besøksvekst, slutføring av store prosjekt, brei medieomtale og viktig økonomisk løft frå Kulturdepartementet. Oppgraderinga vi fekk i statsbudsjettet for 2017, gav oss høve til å satsa meir på mellom anna forskning. Samtidig vart vedlikehaldsarbeidet i Tyssedal kraftverk hemma av at Riksantikvaren trekte seg frå finansieringa av det innvendige vedlikehaldet. Dette medførte også ein ressurskrevjande prosess for å få omgjort vedtaket. Året har hatt både utfordringar og triumfar, og slik skal det vera. Etter konserten med Det norske solistkor i kraftstasjonen, hadde Hardanger folkeblad denne tittelen i omtalen: «Så vakkert at det gjør vondt». Vi har eit museum bygd for sterke opplevingar, og det leverte vi i 2017.

Tyssedal 26. februar 2018

Rolf Nesheim  
styreleiar

Toralv Mikkelsen  
nestleiar

Hans Henrik Haukaas  
styremedlem

Bjørn Seim  
styremedlem

Margit Aga Jordal  
styremedlem

Svein Jåstad  
styremedlem, repr. for tilsette

Tore M. Sellæg  
styremedlem

Torill Selsvold Nyborg  
styremedlem

Knut Markhus  
direktør

## 8. Revisjonsmelding

### UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Til styret i Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

#### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

##### *Konklusjon*

Vi har revidert stiftelsen Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum sitt årsregnskap som viser et overskudd på kr 2 241 486. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2017, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2017, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

##### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i *Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

##### *Øvrig informasjon*

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av styrets årsrapport, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

##### *Styret og direktørs ansvar for årsregnskapet*

Styret og direktør (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig

for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

#### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betyggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

#### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av foreningens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

##### *Konklusjon om forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000, mener vi stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig

ODDA, 26. februar 2018

**Odda Revisjon AS**

  
Nils Magnus Berge  
Statsautorisert revisor

## 9. Resultatregneskap og balanse

### Resultatregnskap

#### Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Note	2017	2016
<b>DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
Salgsinntekter		1 309 620	1 221 601
Billettinntekter		392 163	390 371
Tilskudd fra Odda Kommune		1 256 000	1 256 000
Tilskudd fra Stat og Fylke	2	8 680 255	6 353 010
Andre tilskudd	2	2 583 579	2 837 148
Årets inntektføring av periodiserte tilskudd		1 256 390	4 800 790
Andre driftsinntekter		404 181	221 749
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>15 882 188</b>	<b>17 080 669</b>
Varekostnad		201 384	92 458
Beholdningsendring egentilvirkede anleggsmidler	4	-159 560	-29 880
Lønnskostnad	3, 15	9 012 038	9 150 734
Avskrivning varige driftsmidler	4, 12	160 087	167 023
Kostnader lokaler		1 200 208	1 116 901
Honorarer	3	1 113 665	1 132 271
Kontorkostnader		283 093	317 530
Reiser og kilometergodtgjørelse		222 044	205 024
Reklame, annonser og representasjon		102 680	132 558
Utstillinger og formidling		86 171	57 155
Serviceavtaler og forsikringer		197 862	193 732
Vedlikehold bygninger og utstyr		592 848	4 067 631
Andre driftskostnader		480 249	383 725
Driftsutgifter og vedlikehold "MY Tysso"		140 219	15 962
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>13 632 986</b>	<b>17 002 824</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>2 249 202</b>	<b>77 845</b>
<b>FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Annen renteinntekt		63 104	62 266
Annen finansinntekt		36 197	32 201
Nedskrivning av finansielle anleggsmidler		0	35 388
Annen rentekostnad		94 971	103 404
Annen finanskostnad	5	12 047	323
<b>Netto finansresultat</b>		<b>-7 716</b>	<b>-44 649</b>
<b>Ordinært resultat</b>		<b>2 241 486</b>	<b>33 196</b>
<b>ÅRSRESULTAT</b>		<b>2 241 486</b>	<b>33 196</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Overført til/ fra disposisjonsfond		650 000	0
Overført til/ fra vedlikeholdsfond		761 695	105 440
Overført til/ fra fond Vasskrafta.no		0	-45 741
Overført til/ fra annen egenkapital		829 791	-26 503
<b>Sum overføringer</b>		<b>2 241 486</b>	<b>33 196</b>



## Balanse

### Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Note	2017	2016
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Varige driftsmidler</b>			
Bygninger og annen fast eiendom	4, 13	3 554 694	3 610 441
MY Tyssø	4	270 000	290 000
Driftsløsøre, inventar, kontormaskiner o.l.	4	72 895	125 485
<b>Sum varige driftsmidler</b>		<b>3 897 589</b>	<b>4 025 926</b>
<b>Finansielle anleggsmidler</b>			
Investeringer i aksjer og andeler	5	264 290	233 911
<b>Sum finansielle anleggsmidler</b>		<b>264 290</b>	<b>233 911</b>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<b>4 161 879</b>	<b>4 259 837</b>
<b>Omløpsmidler</b>			
<b>Varer</b>			
Varebeholdning	6	55 408	87 853
<b>Sum varer</b>		<b>55 408</b>	<b>87 853</b>
<b>Fordringer</b>			
Kundefordringer	7	668 744	592 974
Fordring prosjektmidler	8	136 570	1 345 000
Andre fordringer	9	529 047	1 318 884
<b>Sum fordringer</b>		<b>1 334 361</b>	<b>3 256 858</b>
<b>Bankinnskudd, kontanter o.l.</b>	10	<b>6 135 982</b>	<b>2 543 089</b>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<b>7 525 751</b>	<b>5 887 801</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>11 687 630</b>	<b>10 147 638</b>



## Balanse

### Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

	Note	2017	2016
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Stiftelseskapital	11	260 000	260 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>260 000</b>	<b>260 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	11	2 357 248	1 527 457
Disposisjonsfond	11	650 000	0
Fond Vasskrafta.no	11	4 670	4 670
Vedlikeholdsfond	11	1 768 155	1 006 460
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>4 780 073</b>	<b>2 538 587</b>
<b>Sum egenkapital</b>	<b>11</b>	<b>5 040 073</b>	<b>2 798 587</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Avsetning for forpliktelser</b>			
Periodisert tilskudd MY TYSSO	12	270 000	290 000
<b>Sum avsetninger for forpliktelser</b>		<b>270 000</b>	<b>290 000</b>
<b>Annen langsiktig gjeld</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner	13	2 215 523	2 273 687
Øvrig langsiktig gjeld	13	550 000	550 000
<b>Sum annen langsiktig gjeld</b>		<b>2 765 523</b>	<b>2 823 687</b>
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		916 746	1 049 145
Skyldige offentlige avgifter		543 402	597 157
Påløpt lønn, feriepenger ol.		843 756	792 520
Forskudd prosjekter	14	1 004 169	1 402 873
Annen kortsiktig gjeld		303 961	393 668
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>3 612 033</b>	<b>4 235 364</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>6 647 556</b>	<b>7 349 051</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>11 687 630</b>	<b>10 147 638</b>

Tyssedal, 31.12.2017 / 26.02.2018

Styret for Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

 Rolf Nesheim Styreleiar	 Knut Markhus Direktør	 Torolv Mikkelsen Nestleiar
 Torill Selsvold Nyborg Styremedlem	 Tore M. Sellæg Styremedlem	 Hans Henrik Haukaas Styremedlem
 Margit Aga Jordal Styremedlem	 Bjørn Seim Styremedlem	 Svein Jåstad Styremedlem

## 10. Notar

### Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum Noter til regnskapet 2017

#### Note 1 Regnskapsprinsipper

Norsk Vasskraft og Industristadmuseum er en privat stifting uten økonomisk vinning som formål. Regnskapet er satt opp i samsvar med stiftelsesloven, regnskapslova og god regnskapsskikk for små foretak.

#### Driftsinntekter og kostnader

Inntektsføring ved salg av varer skjer ved leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres. Ved utarbeidelse av regnskapet er sammenstillingsprinsippet lagt til grunn, slik at kostnader og inntekter er førte på den perioden de gjelder. Inntekter i tilknyttet prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene. Vedlikehold blir utgiftsførte løpende. Det samme gjelder utgifter til utstyr og anlegg.

#### Offentlige tilskudd

Driftstilskudd blir inntektsført brutto og i takt med vilkår som måtte være knyttet til tilskuddet. Tilskudd gitt til spesifikke prosjekt er regnskapsført i takt med fremdriften i prosjektene.

Investeringstilskudd er ført både brutto og netto i balansen ut fra det som gir best informasjon. Bruttoføring vil si at tilskuddet nedskrives i takt med avskrivningen på den anskaffelsen tilskuddet er gitt til. Nettoføring vil si at tilskuddet går til fratrett i eiendelens kostpris.

#### Hovedregel for vurdering og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til gjenvinnbart beløp dersom dette er lavere enn bokført verdi, og verdifallet forventes ikke å være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig. Ved vurdering av gjenvinnbart beløp og avskrivningsprofil vil anleggsmiddelets bruksverdi (evne til formålsoppnåelse) bli tillagt vekt i tillegg til økonomiske vurderinger.

#### Bevaringsverdige eiendeler

Historiske bygninger og andre bevaringsverdige eiendeler er oppført i balansen til anskaffelseskost. Vedlikehold og kostnader for å bringe bevaringsverdige eiendeler tilbake til opprinnelig stand, kostnadsføres løpende under driftskostnader.

#### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler balanseføres og avskrives lineært over driftsmidlenes forventede levetid dersom de har en antatt levetid over 3 år og har en kostpris som overstiger kr 15 000. Vedlikehold av driftsmidler kostnadsføres løpende under driftskostnader. Påkostninger eller forbedringer tillegges driftsmidlets kostpris og avskrives i takt med driftsmidlet.

#### Finansielle anleggsmidler

Investeringer aksjer og andre verdipapirer er vurdert etter kostmetoden. Investeringene blir nedskrevet til virkelig verdi dersom verdifallet ikke er forbigående.

#### Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer er oppført i balansen til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringer.

## Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum

### Noter til regnskapet 2017

#### Varelager

Varer er vurdert til laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

#### Pensjoner

Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er i tråd med god regnskapsskikk for små foretak ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med

#### Skatter

Stiftelsen er fritatt for skatteplikt etter skatteloven § 2-32 første ledd.

#### Endring av regnskapsprinsipp

Det har ikke vært endringer i regnskapsprinsipper i regnskapsåret.

#### Note 2 Spesifikasjon av offentlige tilskudd Stat, Fylke og andre

	2017	2016
Tilskudd fra Kulturdep. og Riksantikvaren	7 310 255	5 043 010
Tilskudd fra Fylkeskommunen	1 370 000	1 310 000
Tilskudd fra NVE	1 750 000	1 750 000
Tilskudd fra Tyssefaldene/ Statskraft	718 579	702 148
Tilskudd fra andre	115 000	385 000
<b>Sum inntekter tilskudd</b>	<b>11 263 834</b>	<b>9 190 158</b>

#### Note 3 Lønnskostnad, antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm

	2017	2016
Netto lønnskostnader	6 821 361	7 066 443
Styrehonorar	30 500	37 000
Arbeidsgiveravgift	898 623	906 279
Pensjonskostnader	1 124 466	1 021 037
Andre personellkostnader	137 088	119 975
<b>Sum personellkostnader</b>	<b>9 012 038</b>	<b>9 150 734</b>

Antall årsverk sysselsatt i regnskapsåret	15,8	15,3
---	------	------

Museet er pliktig til å ha tjenstepensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Museets pensjonsavtale tilfredsstiller kravene i denne loven.

Ytelser til ledende personer	Lønn	Pensjons- kostnader	Annen godtgjørelse
Direktører	705 542	96 464	8 393
Styre	0	0	0

Det er ikke ytt lån eller stillet sikkerhet for ansatte eller tillitsvalgte i museet. Ingen ansatte har avtale om bonus eller særskilt vederlag ved opphør eller endring av ansettelsesforhold.

#### Revisor

Godtgjørelse til revisjon utgjør i 2017 kr 57 488 eks.fordelt mva. Godtgjørelse for andre tjenester utgjør kr 20 805 eks. fordelt mva.

**Norsk Vasskraft- og Industriadmuseet**  
**Noter til regnskapet 2017**

**Note 4 Varige driftsmidler**

	Bygninger og annen eiendom		Driftsløsøre, inventar og lignende.		Sum
		M/Y Tysso			
Anskaffelseskost 01.01	6 611 138	400 000	1 762 111		8 773 249
Tilgang kjøpte driftsmidler	252 306	0	19 990		272 296
Tilgang egentilvirkning bygninger	159 560	0	0		159 560
- Avgang	-40 000	0	0		-40 000
- Mottatt offentlige investeringstilskudd	-3 061 861		-123 664		-3 185 525
Anskaffelseskost 31.12	3 921 143	400 000	1 658 437		5 979 580
Akkumulerte avskrivninger 01.01.	-278 942	-110 000	-1 512 963		-1 901 905
Akkumulerte avskrivninger 31.12.	-366 449	-130 000	-1 585 543		-2 081 991
<b>Bokført verdi</b>	<b>3 554 694</b>	<b>270 000</b>	<b>72 895</b>		<b>3 897 589</b>
Årets avskrivninger	87 507	20 000	72 580		
Tilbakeført periodisert investeringstilskudd		-20 000			
<b>Årets netto bokførte avskrivninger</b>	<b>87 507</b>	<b>0</b>	<b>72 580</b>		<b>160 087</b>
Avskrivningssats	1% - 10%	5 %	15% - 33,3%		
Avskrivningsplan	lineær	lineær	lineær		

**Note 5 Investeringer i aksjer og andeler**

Museet eier aksjer og andeler i følgende selskaper. Aksjer og andeler er langsiktige investeringer i samarbeidspartnere og er bokført til anskaffelseskost

Selskap	Anskaffelseskost	Bokført verdi	Eierandel
Reisemål Hardanger	2 000	2 000	< 10%
Fossenes Dal	2 500	1	< 10%
Sum	4 500	2 001	
Egenkapitalinnskudd KLP		262 289	
<b>Sum</b>		<b>264 290</b>	

I 2017 er Restaureringsenteret i Odda AS avviklet. Avviklingen medførte et regnskapsmessig tap på kr 11 881. Tapet inngår i annen finanskostnad.

**Note 6 Varelager**

Varelageret består av kioskvare, bøker for videresalg og beholdning av billetter. Verdien av varelageret er sett til innkjøpspris for varene. Ukurante varer er nedskrevet til virkelig verdi

Varer	2017	2016
Opptalt varebeholdning bøker og billetter	60 664	95 666
Ukurans	-5 256	-7 813
<b>Sum</b>	<b>55 408</b>	<b>87 853</b>



**Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum**  
**Noter til regnskapet 2017**

**Note 7 Kundefordringer**

Kundefordringer er vurderte til pålydende etter avsetning til tap på usikre fordringer.

Kundefordringer	2017	2016
Kundefordringer til pålydende	511 570	529 532
Opptjente ikke fakturerte inntekter	174 709	75 067
Avsetning til tap på usikre fordringer	-17 535	-11 625
<b>Sum</b>	<b>668 744</b>	<b>592 974</b>

**Note 8 Fordring på prosjektmidler**

Muséet fått tilsagn om tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2017. Krav på restutbetaling av tilskudd er periodisert som forskudd på de forskjellige prosjekter slik:

Prosjekt	Beløp	Tilskudd gitt av:
Toalettbygg - Tysso 1	125 000	Hordaland Fylkeskommune
Istandsetting bygg 26 (Smia)	11 570	Riksantikvaren
<b>Sum tilskudd</b>	<b>136 570</b>	

**Note 9 Andre fordringer**

Av andre fordringer utgjør til gode merverdiavgift kr 37 007, forskuddsbetalt forsikringer og andre forskuddsbetalte kostnader kr 178 040 og driftstilskudd 4. kvartal 2017 fra Odda kommune kr 314 00.

**Note 10 Bundne bankinnskudd**

Av bankinnskudd utgjør bundne skattetrekkmidler kr 257 467.

**Note 11 Egenkapital**

Stiftelseskapitalen er kr. 260 000 pr. 31.12.2017 og er uendret fra 2004.

	Stiftelses- kapital	Annen egenkapital	Disposisjons- fond	Vasskrafta. no	Vedlikeholds- fond	Sum
Egenkapital 01.01	260 000	1 527 457	0	4 670	1 006 460	2 798 587
<b>Årets endring i egenkapital:</b>						
Overført til disposisjonsfond		-650 000	650 000			0
Overført til vedlikeholdsfond		-761 695			761 695	0
Overført fra fond Vasskrafta.no		0				0
Årets resultat		2 241 486				2 241 486
<b>Egenkapital 31.12.</b>	<b>260 000</b>	<b>2 357 248</b>	<b>650 000</b>	<b>4 670</b>	<b>1 768 155</b>	<b>5 040 073</b>



## Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum Noter til regnskapet 2017

### Note 12 Periodisering tilskudd

#### *Periodisert tilskudd til kjøp av MY Tysso:*

Muséet har mottatt kr 400 000 i offentlig tilskudd til kjøp av MY Tysso. Tilskuddet blir inntektsført i takt med avskrivningene av MY Tysso som avskrives over 20 år. Det er i 2017 inntektsført kr 20 000. Årets inntektsføring av tilskuddet blir tilbakeført mot avskrivningene. Se note 4. Rest periodisert tilskudd pr 31.12.2017 til kjøp av MY Tysso utgjør kr 270 000.

### Note 13 Langsiktig gjeld, pantstillelser og garantier mv.

<b>Følgende gjeld er sikret med pant i eiendeler:</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner	2 215 523	2 273 687
<b>Sum pantsikret gjeld</b>	<b>2 215 523</b>	<b>2 273 687</b>

<b>Bokført verdi av eiendeler stilt som sikkerhet for bokført gjeld til kredittinstitusjoner</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Bygninger, gnr 60 bnr 334	3 069 619	3 080 090
<b>Totalt</b>	<b>3 069 619</b>	<b>3 080 090</b>

<b>Øvrig langsiktig gjeld</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Langsiktig gjeld til Odda kommune	550 000	550 000
<b>Sum øvrig langsiktig gjeld</b>	<b>550 000</b>	<b>550 000</b>

Lånet fra Odda kommune er rente og avdragsfritt i 5 år, og forfaller til betaling i sin helhet 30.06.2020.

Kr 1 928 232 av langsiktig gjeld forfaller senere enn 5 år etter regnskapsårets slutt.

### Note 14 Forskudd prosjekter

Muséet fått utbetalt tilskudd øremerket bestemte prosjekter som ikke var fullført pr. 31.12.2017. I tillegg har museet mottatt tilskudd til prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12.2017. Den ubenyttede delen av utbetalingene er ført i balansen som kortsiktig gjeld og fordeler seg slik:

<b>Forskudd tilskudd</b>	<b>2017</b>	<b>2016</b>
Prosjekter som ikke var fullført pr 31.12	733 169	1 131 873
Prosjekter som ikke var igangsatt pr 31.12	271 000	271 000
<b>Sum</b>	<b>1 004 169</b>	<b>1 402 873</b>

## Norsk Vasskraft- og Industridstadmuseum

### Noter til regnskapet 2017

#### Note 15 Pensjonsordninger

Museet har inngått er pensjonsavtale med sine ansatte gjennom Kommunal Landspensjonskasse. Det er meldt inn 15 aktive medlemmer og 5 pensjonister i ordningen pr 31.12.2017. Ordningen er en ytelsesplan som finansieres med 2% trekk i lønn fra de ansatte og den resterende del av premien dekkes av museet.

Pensjonsavtalen gir medlemmer av ordningen rett til en pensjon, inklusiv pensjon fra folketrygden, ved oppnådd pensjonsalder som svarer til 66% av lønn før fratredelse. Alle innbetalinger til forsikringsselskapet blir kostnadsført. For 2017 utgjør denne kostnaden kr 1 124 466 med tillegg av 10,6% arbeidsgiveravgift.

I følge aktuarberegning har museet en estimert, ikke balanseført pensjonsforpliktelse på:

	31.12.2017	31.12.2016
Brutto påløpt pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift	20 105 404	18 949 763
Pensjonsmidler	-14 994 462	-12 966 080
Arbeidsgiveravgift	541 760	634 270
Ikke resultatført actuariell gevinst/ tap	-1 352 540	-2 723 426
<b>Netto pensjonsforpliktelse inkl arbeidsgiveravgift</b>	<b>4 300 162</b>	<b>3 894 527</b>